

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Aud Karin Oen, SV, sette på vegner av SV og MDG fram slikt forslag:

«Alternativ:

Punkt 1

Fylkesutvalet går mot utbygging i det verna vassdraget Opsjå/Opovassdraget og seier nei til søknaden frå Opedal Ljosverk.»

Sara Hamre Sekkingstad, Sp, sette på vegner av SV, MDG, A, Sp, V, Frp, KrF og H fram slikt forslag:

«Tillegg:

Dersom NVE likevel gjer løyve til utbygging, ber Hordaland fylkeskommune om at ein tar omsyn til desse punkta: innstillinga punkt 2-5»

Røysting

Oen sitt forslag vart vedteke med 9 røyster (A/Sp/SV/MDG) mot 6 røyster (KrF/H/FrP) for innstillinga punkt 1.

Sekkingstad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet går mot utbygging i det verna vassdraget Opsjå/Opovassdraget og seier nei til søknaden frå Opedal Ljosverk.
2. Dersom NVE likevel gjer løyve til utbygging, ber Hordaland fylkeskommune om at ein tar omsyn til desse punkta:
 - a. Av omsyn til landskap, friluftsliv og reiseliv i eit verna vassdrag må landskapstilpassing av dei tekniske inngrepa ha høg prioritet. Inntaksdammen må i størst mogleg grad kamuflerast, t.d. gjennom fargeval eller ved bruk av anna byggematerial enn betong, t.d. blokkstein.
 - b. Av omsyn til friluftsliv og reiseliv må det byggjast føremålstenleg gangbru over inntaksdammen.
 - c. Dersom tilkomstvegen skal utbetrast, må eventuell vegutviding nær det automatisk freda kulturminnet skje på den sørlege sida av vegen. Fylkeskonservatoren rår sterkt ifrå ei vegutviding i arealet mellom dagens veg og kulturminnet. Fylkeskonservatoren vil òg rå til at kulturminnet blir markert med godt synlege sperreband som eit avbøtande tiltak i anleggsfasen.
 - d. Det er meldeplikt etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekte under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.